

**Referat frå elevrådsmøte 2.september 2025.**

Stad: ved skulekjøkenet

Tidspunkt: 11-11.50

Tilstades: 3.- 7.trinn var til stades med hovudrep./vara

Sidan det er første elevrådsmøte, stiller både hovudrepresentant og vara. Rektor er referent (skriv referat), og begge avdelingsleiar stiller.

Saker vi har jobba med denne dagen:

- **Konstituering av elevrådet**
Vedtak: elevrådet er konstituert.
- **Val av elevrådsleiar** – rektor legg fram korleis vi har gjort det fram til no.
Hovudrepresentantar frå 7.trinn vert valt som elevrådsleiarar, og det vil gå på rundgang om kven som leiar elevrådsmøter. Elevrådsleiarar for skuleåret 25/26 er Evine, Patrick og Peder.
Vara stiller om nokon av dei er fráværande.
- **Informasjon frå elevrådslærar Solveig:** vi må lage eit årshjul for å setje opp møter.
Arbeidsoppgåve til neste gong: korleis kan elevane bidra med for å skape trivsel?
- Søknad inn til EO-fondet: [EO-fondet - Elevorganisasjonen](#) søknadsportal opnar 26.september.

Idemyldring – korleis kan elevrådet skape trivsel for alle elevane på Stranda skule

Trinn	Idear
3.trinn	At vi har lengre friminutt. Meir tid i gymsalen. Større sandkassen på mellomtrinnet. Mjuk sand i sandkassen. Ta biblioteksboka som lekse, enn andre tekstar.
4.trinn	Ein til ballbinge. Fotballmål i Tarzanløype Litt oftare pyjamasdag/utkleiding.
5.trinn	Disser i Tarzanløype. 1 time meir skule og så slippe lekser.
6.trinn	Jente- og guttedo skilt på toalett. Toalett ute er altfor ofte låst. Dusjforheng i garderoben. Skur ute slik at vi kan stå under tak når det regnar. Bra: vi bytter plassar kvar fredag, dette er bra for at vi blir kjend med kvarandre.
7.trinn	Viktig at alle har ein venn på skulen, ingen skal sitje aleine i friminutt. At alle er trygg på dei vaksne på skulen. Fleire ting ute som passar for alle. Fleire uteaktivitetar(turn). Fleire leikar på mellomtrinnet.

	Bytte plassar oftare.
--	-----------------------

- Neste møte i veke 39.